

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/15	Klagenemnda	PS	08.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eilin Houlison Molvik	14/7875

Klagesak - Klage på utsleppsløyve av gråvatn frå driftsbygning - gbnr 247/10

Vedlegg:

Utsleppsløyve - gråvatn frå driftsbygning - gbnr 247/10 DyrkolbotnKlage på vedtak: Løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 247/10 Dyrkolbotn - driftsbygningTilsvar på klage - gbnr 247/10 Dyrkolbotn - driftsbygningTilsvar på klage - gbnr 247/10 Dyrkolbotn - driftsbygningTilsvar til klage - gbnr 247/10 Dyrkolbotn - driftsbygningFramlegg 29.juni 2015Situasjonsplan-signedKlage på vedtak - løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 247/10 DyrkolbotnNabovarsel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 23.06.15 i sak 273/15 vert oppretthaldt, klage vert ikkje teke til følgje.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Klagenemnda - 012/15

KL - behandling:

Lindås kommune sitt vedtak datert 23.06.15 i sak 273/15 vert oppretthalde, klage vert ikkje teke til følge. Som grunngeving vert det vist til saksutgreiing.

Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Samrøystes vedteke.

KL - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 23.06.15 i sak 273/15 vert oppretthalde, klage vert ikkje teke til følge. Som grunngeving vert det vist til saksutgreiing.

Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Klagenemnda.

Bakgrunn

Tiltakshavar – Signhild Dyrkolbotn - søkte i brev datert 13.10.14 om løyve til etablering av sommarstøl/driftsbygning på eigedom gbnr. 247/10. Bygningen er opplyst til å ha bruksareal (BRA) på om lag 138 m².

Søknaden vart supplert 15.04.15 og 11.06.15.

Det vart ved administrativt vedtak i saknr. 273/15, datert 23.06.15, gjeve løyve til utslepp av gråvatn på vilkår. Utsleppsløyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.

Det vart ved administrativt vedtak i saknr. 251/15, datert 22.06.15, gjeve løyve til tiltak utan ansvarsrett.

Det er i brev datert 04.07.15 klaga på administrativt vedtak i sak 273/15.

Klage

Vi forstår klagen til å omhandle utsleppsløyve datert 23.06.15, administrativt vedtak saknr. 273/15, klagen er levert rettidig i høve klagefrist på 3 veker.

Tiltakshavar vart i brev datert 08.07.15 orientert om at det er kommen klage på løyve til utslepp av gråvatn frå ysteri/mjølkerom i tiltknytning til godkjent sommarstøl/driftsbygning.

Tiltakshavar har i brev datert 17.07.15 komt med slikt svar på klage fremsatt 07.07.15;

(...)DRIFTSBYGNING - TILSVAR TIL KLAGE FRÅ JORUNN DYRKOLBOTN
Gbnr 246/11 vert ikkje berørt av det betinga utsleppsløyvet som er gjeve for driftsbygningen. Gbnr 247/11 ligg eit godt stykke sør for driftsbygningen. Vår plan er å sleppa gråvatn (vaskevatn) ut i bekk nord for bygningen. Kommunen godkjende ikkje direkte utslepp, men krov slamavskillar og sandfiltergrøft før vaskevatnet vert ført til denne resipienten. Frist er sett til 01.08.2015 med å dokumentere meir konkret korleis vi vil oppfylle kommunen sitt reinsekrav.

Ettersom 247/11 ikkje er berørt korkje i søknad eller i betinga utsleppsløyve, så fell alle argument i klagen bort, og klagen kan difor ikkje føre fram. Dette er tilstrekkeleg svar til klagen.(...)

For klage og tilsvar i heilskap viser vi til vedlegg.

Klagar har i brev datert 15.08.15, dagsett 18.08.15, komme med yttarlegare opplysningar

med omsyn til eigedomsrett og også med omsyn til utslepp av gråvatn. Skrivet er kommen inn 10 dagar etter frist gjeve tiltakshavar for uttale med omsyn til klage og er berre teke med til orientering, for skrivet i heilskap vert det vist til vedlegg


Vurdering

Når det gjeld privatrettslege høve med omsyn til kven som har heimel til gbnr. 247/11 so har ikkje kommunen teke stilling til dette i si vurdering, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Det er i den aktuelle saka godkjent utslepp av gråvatn frå ysteri/mjølketankrom i samband med oppføring av sommarstøl/driftsbygning. Det skal ikkje installerast toalett i det godkjente tiltaket. Tiltakshavar har erklært at driftsbygningen vert etablert med tett golv slik at det ikkje vert avsig. Det er sett vilkår om dimensjonert slamavskiljar og sandfiltergrøft, før reinsa gråvatn vert ført til bekk nord for den godkjente driftsbygningen, jf. situasjonsplan datert 09.04.15 dagsett 16.04.15.

Det er kommen inn dokumentasjon dagsett 31.07.15, jf. Figur 1, som syner plassering av slamavskiljar og septiktank, arbeidet er utført av Stusdal VVS AS.

Figur 1. Situasjonsplan som syner plassering av reinseanlegg




Klagar meiner det er godkjent kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg på gbnr. 247/11, i samband med sommarstøl/driftsbygning. Dette har klagar ikkje gjeve løyve til og er ikkje varsla om.

Dyrkolbotnen Leirskule har gjort greie for at dei har planar om å utvide drift og etablere personalbustad på sin eigedom. Og har i den samanheng planar om å knytte utsleppet frå ysteri/mjølketankrom på eit framtidig kloakkreinseanlegg. Dette er ikkje omsøkt og heller ikkje godkjent av kommunen.

Etablering av kloakkreinseanlegg på eigedom gbnr. 247/11 i det som i kommuenplanen sin arealdel er avsett til kloakkreinseanlegg (planområde A2, Figur 2) vil krevje tinglyst rettighet eller naudsynt heimel til eigedom gbnr. 247/11.

Figur 2. Viser eiedom gbnr. 247/11 med arealdelen til kommuneplanen for Lindås 2011-2023




Med omsyn til påstand om at det er godkjent etablering av kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg på eiedom gbnr. 247/11, i samband med etablering av sommarstøl/driftsbygning, so er ikkje dette riktig.


Det aktuelle anlegget er godkjent plassert på gbnr. 247/10 og 15 eigd av tiltakshavar, jf. figur 4.

Figur 3 viser omtrentleg lengde på bekkefaret og ned til næraste punkt mot gbnr. 247/11. Utsleppstaden for reinsa vatn ligg om lag 110 meter nord for gbnr. 247/11, bekkefaret som det reinsa vatnet vert slept ut i ligg på det nærast om lag 21 meter nordvest for grense mot gbnr. 247/11, og om lag 150 meter lenger ned i bekkefaret i høve utsleppstaden. Avstandane er målt i kommunen sitt kartsystem Gemini og er omtrentlege. Figur 4 viser eit utsnitt av innsendt situasjonsplan.

Figur 3. Omtrentleg lengde på bekkefaret frå utslepstaden (målt i Gemini)



Figur 4. Situasjonsplan datert 09.04.15



Med omsyn til nabvarsling av det aktuelle tiltaket so ligg det føre dokumentasjon på rekomandert nabovarsel sendt til klagar. Klagar vart orientert om vedtak om løyve til oppføring av tiltaket som følgje av at det var levert inn merknadar i høve nabovarsel. Og har klaga på utsleppsløyvet gjeve i samband med løyve til oppføring av tiltaket.

Dersom det har vore manglande varsling av tiltaket so meiner kommunen at dette no er retta opp i gjennom handsaming av klage. Klagar har fått høve til å ivareta sitt tarv jf. forvaltningslova (fvl) § 16.

Klagar var i telefonisk kontakt med kommunen 09.07.15 der det vart avtalt at vedtak samt dokumentasjon med omsyn til utsleppsløyvet vart lagt fram i sentralbordet på Rådhuset og at klagar skulle komme innom å hente informasjon 10.07.15, klagar har soleis fått høve til innsyn i saka jf. fvl § 18.

Konklusjon

Kommunen kan ikkje sjå at utsleppet vil forringe eigedom gbnr. 247/11. Anlegget er ikkje godkjent oppført på eigedom gbnr. 247/11, men på gbnr. 247/10 og 15. Det er god avstand mellom utsleppstaden og eigedom gbnr. 247/11.

Med omsyn til kommuneplanen sin arealdel so er det riktig at delar av eigedom gbnr. 247/11 er avsett til reinseanlegg i arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023, område A2, nemnde område er ikkje rørd av det aktuelle tiltaket og framtidig utbygging vil krevje heimel til eigedom gbnr. 247/11 eller tinglyst rettighet frå heimelshavar.

Klagen vert ikkje teke til følgje.

.....

